

Til

Trine Merete Jansen

Rektor ved Sæbø skule

INNSPEL KNYTT TIL MOGELEGHEITSTUDIE UTOMHUS

FAU ved Sæbø skule har med ulike innspel frå foreldrerådet, brukt IGP –metoden og komen fram til 4 prioriterte punkt som vi ber arbeidsgruppa som er satt ned ta med seg inn i den vidare drøftinga jmf. mogelegheitsstudie utomhus frå Norconsult, datert 07.02.2018 . Desse drøftingane gjorde FAU på møte på skulen 6.mars 2018.

FAU ved Sæbø skule stiller seg samla bak desse innspela:

1. FAU ynskjer at utemområdet vert planlagt og prioritert utanfor den midlertidige prøveordninga skulen har med deling av små og storeskulen i friminuttet.
2. FAU ynskjer at arbeidsgruppe prioriterer varierte uteaktiviteter og ikkje ballbinge – bak dette ligg ei vurdering av at fotballtilbod på skuleområdet og nærområdet er godt nok, med 1 ballbinge som på sikt (innan 2 år) kan bli reparert ved hjelp av tippemidlar, 1 grusbane og ei stor kunstgrasbane ikkje langt ifra. Ein ny ballbinge utgjør ein høg pris utifrå tal frå Norconsult og vil ta mykje av pengane som er satt av. Ved å bruke midler på andre aktiviteter får ein meir for dei pengane ein har til disposisjon og eit meir variert tilbod til elevane, også på fritida.
3. FAU ynskjer å prioritere asfalt på området. FAU ynskjer å halde trafikksikkerhet utanom desse midlene, dette bør ein ansvarligjere kommune/vegvesen/fylkeskommune når det kjem til skuleveg, tilkomst og sikkerhet.
4. Prioritere områder som har tak, slik at elevane kan søke ly, dette kan og vere nyttig på arrangement i andre samanhengar.

På vegne av FAU ved Sæbø skule

Solveig Elvik

Leiar

